

Forvaltning av fellesressursar

Hovudmålet til Nansenprogrammet er å styrke institusjonar i samarbeidslanda slik at dei kan skaffe kunnskap om naturgrunnlaget for å sikre ei berekraftig fiskeriforvaltning.

Namibia har vore hovudsamarbeidsland for Nansenprogrammet i 1990-åra, men programmet har og omfatta nabolanda Angola og Sør-Afrika. Dette har opna for eit forskings- og forvaltningssamarbeid. Programmet skal styrke eit forskings- og forvaltningssamarbeid som dekkjer heile regionen. Ei rekke aktivitetar har difor vore regionale, mellom anna treningskurs og forskingstokt.

Sidan 1994 har programmet arbeidd aktivt for å få organisert eit regionalt forskingsprogram for ressursrelatert miljøforskning utanfor kysten av Angola, Namibia og Sør-Afrika. Dette førte til at programmet " Benguela Ecology Fish Interaction and Training" (BENEFIT) blei danna. BENEFIT har både politisk og faglig støtte i regionen. Det er eit viktig forum for å koordinere internasjonal interesse for forskning i Benguela-økosystemet, og for sikre at denne forskinga er i samsvar med lokale, nasjonale prioriteringar. Ein styringskomité for Nansenprogrammet der dei tre landa er representert, har ansvar for å identifisere forskingsprosjekt som er prioriterte i regionen. Dei skal og standardisere metodar for forskning og overvaking av ressursane.

Dei regionale aktivitetane har ført saman miljøa knytt til fiskeriforskning og forvaltning i dei tre landa. Å etablere personlege kontaktar på tvers av kulturelle og politiske barrierer er eit viktig tilskot til regionalt samarbeid. Slikt samarbeid er eit nødvendig grunnlag for å kunne forvalte fiskebestandar som er utbreidd i fleire nasjonale soner. I denne regionen er viktige bestandar som sardin og lysing felles.

I oktober 1999 skreiv NORAD, FAO, Marokko, Mauritania, Senegal, Gambia under ei samarbeidsavtale saman med Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet som skal sette Nansenprogrammet i verk i Nordvest-Afrika. Frå norsk side skal aktivitetane no utvidast frå regionale forskingstokt til å leggje grunnlag for eit lovverk for forvaltning av felles ressursar.

Regional forvaltning er aktuell i fleire utviklingsland, og norsk erfaring vil ha stor relevans. Modellar for felles forskning og forvaltning slik dei er utvikla i Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet er eit godt grunnlag for liknande system i samarbeidslanda våre. Vi ventar difor at området kjem til å verte viktig for programmet i framtida.